

Fra: Laupsa, Sigrid
Sendt: 23. april 2014 09:54
Til: #Kvam-Postmottak
Emne: VS: Kvam kontrollutvalet særutskrift sak 1314 Årsmelding og årsrekneskap for Kvam herad 2013, uttale frå kontrollutvalet
Vedlegg: Særutskrift årsmelding og rekneskap Kvam herad 2013.pdf; Uttale frå kontrollutvalet årsrekneskap Kvam herad 2013.docx; Kvam herad - beretning 2013.pdf; Kvam herad - revisjonsrapport 2013.pdf

Skal journalførast på arkivsak 13/516 Kvam herad - Rekneskap og årsmelding 2013

Sigrid Laupsa

Telefon: 56 55 30 13 - 917 80 593

KVAM HERAD	
13/516	
Dato 23 APR. 2014	
Dok.nr.: 31	Saksh.: ANHE
Arkiv: 103.1	Ark.A:

Fra: Kjartan Haugsnes [mailto:Kjartan.Haugnes@hfk.no]

Sendt: 14. april 2014 11:01

Til: #Kvam-PolitiskSekreteriat

Kopi: 'asbjorn.tolo@politikk.kvam.no' (asbjorn.tolo@politikk.kvam.no); Steine, Arild; 'gjermund@avloysing.no' (gjermund@avloysing.no); Gjermund Stuve (gjermund@nlth.no); Laupsa, Sigrid; Mæland, Jorunn K. Drægne; Hogne Haktorson; 'bryland@deloitte.no'; kgasemyr@DELOITTE.no; Stein Ove Songstad; Birte Bjørkelo; Unni Renate

Emne: Kvam kontrollutvalet særutskrift sak 1314 Årsmelding og årsrekneskap for Kvam herad 2013, uttale frå kontrollutvalet

Hei.

Oversender med dette særutskrift frå møte i kontrollutvalet i Kvam herad 11.04.2014

Det gjeld sak 13/14 Årsmelding og årsrekneskap Kvam herad 2013, uttale frå kontrollutvalet.

VIDARE OPPFØLGING:

Uttalen vert lagt fram for formannskapet
Uttalen følgjer rekneskapsaka vidare til kommunestyret.

ØVRIGE MERKNADER FRÅ SEKRETARIATET:

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga frå Deloitte AS er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka via formannskapet til kommunestyret.
Revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten har Deloitte sendt direkte til heradet. Tar desse med her, for oversikten sin del.

VEDLAGT

Særutskrift sak 13/14 (med fullstendig saksgang)
Uttale til rekneskapen
Revisjonsmelding
Revisjonsrapport

Venleg helsing

Kjartan Haugsnes
Spesialrådgjevar
Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 55 23 94 18 | Mob: 901 89 542
www.hordaland.no

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse;
både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev.
journalføring i vårt sak- og arkivsystem.*

Kvam herad

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/127
Vår dato: 14.04.2014

Arsmelding og årsrekneskap for Kvam herad, uttale frå kontrollutvalet

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalseiar
Deloitte as

Arkivsak: 216
Arkivnr: 2014/127-8
Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	13/14	11.04.2014

Årsmelding og årsrekneskap for Kvam herad, uttale frå kontrollutvalet

Vedlegg:

- Årsmelding 2013 frå rådmannen, inkl. årsrekneskap 2013, dagsett 01.04.2014
- Fråsegn om årsrekneskapen frå Deloitte, dagsett 04.04.2014
- Revisjonsrapport 2013 frå Deloitte, dagsett 04.04.2014
- Utkast til uttale om rekneskap for 2013 frå kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" § 7, fremgår at kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen. Her vert fastsett at kontrollutvalet har rett til å gje merknader til årsrekneskapen med revisjonsmelding før årsrekneskapen skal handsamast i heradsstyret. Uttalen skal vera formannskapet i hende før dei innstiller overfor heradsstyret i saka.

Det er ikkje krav om at kontrollutvalet handsamar årsmeldinga, men denne skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Heradsstyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Øvrig saksgang kan heradet sjølv velja, gjerne at det framgår av eit kommunalt reglement. Mange herad praktiserar at det er formannskapet som innstiller overfor kommunestyret også når det gjeld årsmeldinga, sjølv om det ikkje er eit formalitetskrav om at formannskapet handsamar dette dokumentet.

Forskrift om årsregnskap og årsberetning

I forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner), står det i §10 følgende :

§ 10 Regnskapsfrister og behandling av årsregnskap og årsberetning

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer

denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer.

Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars.

Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett. Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Drøfting:

Sekretariatet mottok fråsegn om årsrekneskapen frå revisor 04. april og årsmelding og årsrekneskap frå Kvam herad 01. april. Deloitte har gjennom fråsegn til årsrekneskapen og revisjonsmelding gjeve sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvam herad.

Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 492.073.000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0 pr. 31.12.2013

I fråsegn til årsrekneskapen uttaler Deloitte at:

- *årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kvam herad per 31. desember 2013 og av resultatet i rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.*
- *dei disposisjonar som ligger til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa stemmer med regulert budsjett.*
- *opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.*
- *leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.*

Om ønskjeleg kan kontrollutvalet og uttala seg om følgjande forhold:

- Presentasjonen av rekneskapet og årsmeldinga.
- Manglande avstemmingar av lønnsrekneskapen mot kommunerekneskapen.
- Likviditet (særleg peika på ev. svekka likviditet).
- Utviklinga i utgifter sett opp mot inntekter.
- Øvrig økonomisk utvikling, eks. lånegjeld osv.
- Viktige forhold som ikkje er omtala i rådmannen si årsmelding (i tilstrekkelig grad).


Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen m.a. innarbeidar følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig resultat
- netto driftsresultat
- utvikling av resultatgrad over dei siste åra, samanlikna med landsgjennomsnitt
- innhald i årsmeldinga

Av rekneskapen for 2013 har sekretariatet merka seg at den viser eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0 medan netto driftsresultat er positivt med kr. 15 092 000,- dvs. eit netto driftsresultat på 2,16 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Heile kommunesektoren har til samanlikning netto resultatgrad på 2,3 % i 2013, jf. SSB (Statistisk Sentralbyrå) pr 16.03.14. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Sjå tabell nedanfor. For Kvam herad har netto driftsresultat vore slik dei siste åra:
2010 (+1,85 %) 2011 (+ 2,9% (+7,70% Mastekompensasjonsmidlane)), 2012 (+2,7%) og 2013 (+2,16%)

Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Eit positivt driftsresultat kan nyttast til å finansiera investeringar eller avsetjast til seinare bruk, noko som gjev handlefridom og evne til å tola svingingar i økonomien.



Rådmannen skriv i årsmeldinga at «størst avvik i høve budsjett er refusjonsinntekter som avvik med 15 mill.kr.»

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og fråsegn om årsrekneskapen. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i fråsegna. Uttalen skal sendast til heradsstyret, med kopi til formannskapet.

I tillegg til fråsegn om årsrekneskapen har ansvarleg revisor lagt fram Revisjonsrapport nr. 6, 4.april 2014 etter at revisjon av rekneskapen for 2013 var avslutta. Ein vil stutt kome inn på nokre av momenta i denne rapporten.

I gjennomgang av intern kontroll og rutinar tilrår revisor skriftleggjing av fleire rutinar. Manglande skriftleg dokumentasjon aukar risikoen for feil. Vidare vert det påpeika av revisor at heradet berre har ein signatur på inngående faktura. Det vanlege er to signaturar og revisor tilrår Kvam herad å vurdere ein slik rutine. Desse høva var og omtala frå revisor gjeldande rekneskapen for 2011 og 2012.

Revisor vil og gjere merksam på at det alltid er auka risiko for tap når fordringar blir gamle. Heradet har ikkje klart å ta ut ein aldersfordelt reskontro pr. 31.12.2013.

Rådmann har lagt fram ei fyldig og god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av Kvam herad i 2013. Årsmeldinga frå administrasjonen skal og utformast i tråd med Kommuneleven § 48 nr. 5, som lyder:

I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre

forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven.

Slik sekretariatet ser det oppfyller rådmannen sin omtale av disse temaene i årsmeldinga, intensjonen i lova.

Konklusjon:

Kontrollutvalet merkar seg dei utdrag som er trekt fram frå den framlagde rekneskapen og årsmeldinga for 2013. Med dette som bakgrunn sender utvalet sin uttale til heradsstyret. Sekretariatet ber kontrollutvalet spesielt merke seg punkt 3.2 «Rutinar utgifter» i Revisjonsrapport 2013. Problemstillinga i dette punktet har revisor påpeika i fleire år.

Kontrollutvalet sin uttale, revisor si fråsegn til årsrekneskapen og Revisjonsrapport 2013 er sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare om formannskapet til heradsstyret.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2013.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 11.04.2014

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Anita Hesthamar presenterte årsmelding og rekneskap for Kvam herad 2013

Bjarne Ryland frå Deloitte AS orienterte kort.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2013.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Kvam herad v/ heradsstyret

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE OM KVAM HERAD SIN ÅRSREKNESKAP FOR 2013.

Kontrollutvalet har i møte 04.04.2013 handsama Kvam herad sin årsrekneskap for 2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagte årsrekneskapen og fråsegn om årsrekneskapen datert 04.04.2014, frå Deloitte og rådmannen si årsmelding. I tillegg var ansvarleg revisor og økonomisjef tilstades på utvalsmøtet for å kunna supplera kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Av rekneskapen for 2013 har sekretariatet merka seg at den viser eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0 medan netto driftsresultat er positivt med kr. 15 092 000,- dvs. eit netto driftsresultat på 2,16 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Heile kommunesektoren har til samanlikning og netto resultatgrad på 2,3 % i 2013, jf. SSB (Statistisk Sentralbyrå) pr 16.03.13. (Førebelse tal) Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Sjå tabell nedanfor. For Kvam herad har netto driftsresultat vore slik dei siste åra: 2007 (+3,21) 2008, (-1,05%), 2009 (+1,63 %), 2010 (+1,85 %) 2011 (+ 2,9% (+7,70%)), 2012 (+2,7%) og 2013 (+2,16%)

Netto resultatgrad viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Eit positivt driftsresultat kan nyttast til å finansiera investeringar eller avsetjast til seinare bruk, noko som gjev handlefridom og evne til å tåla svingingar i økonomien.

Deloitte har gjennom fråsegn til årsrekneskapen og Revisjonsmelding 2013 gjeve sin uttale om den økonomiske situasjonen for Kvam herad. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 492.073.000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0 pr. 31.12.2013

Kontrollutvalet vil gje honnør til rådmannen som oppfyller lovkrava i kommunelovas § 48.5 og omtalar:

- Etikk.
- Arbeid for likestilling og tilgjenge, og mot diskriminering.
- Internkontroll og tilsyn.

Årsmeldinga oppfyller med dette lova sin intensjon på desse felta.

Ut over punkta nemnde over, og det som framgår av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, har kontrollutvalet ikkje merknader til Kvam herad sitt årsrekneskap for 2013. Kontrollutvalet meiner at rekneskap og årsmelding for heradet er lagt fram på ein god måte.

Kvam 11.04.2014

Gjermund Stuve
Kontrollutvalsleiar

Kjartan Haugsnes
Spesialrådgjevar/ utvalssekretær

Kopi: Kvam herad, formannskapet.

Til kommunestyret i Kvam herad

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Kvam herad som viser kr 492.073.000 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig resultat på kr 0. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefens ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kvam herad per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 4. april 2014
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kvam herad
Att.: Rådmann Arild Steine
Grovagjelet 16

Tlf.: +47 55 21 81 00
Faks: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 6 (journalføres)

4. april 2014

REVISJONSRAPPORT 2013

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2013. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å avgje vår revisjonsmelding. I tillegg har vi kontrollert kommunen si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner heradet si leiing bør vera merksame på. Vi vil presisera at det er leiinga i heradet som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærmare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

3.1 Skriftlege rutinar

Under vår gjennomgang av heradet sin interne kontroll for inntektssida er det avdekka at heradet i liten grad har skriftlege rutinar. Dokumentasjon av rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar blir gjennomført effektivt, i samsvar med interne retningsliner og på ein trygg måte. Manglande skriftleg dokumentasjon aukar risikoen for feil i rekneskapen og at heradet kan misse inntekter dei har krav på. Vi vil tilrå heradet å prioritere arbeidet med å dokumentere rutine sine i 2014.

3.2 Rutinar utgifter

Ved vår gjennomgang av heradet sine rutinar på utgiftssida viser våre testar få feil, men vi observerer at heradet berre har ein signatur av inngåande faktura. Det vanlege er at ein har to signaturar og vi tilrår at også Kvam herad vurderer ei slik rutine.

4 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane per 31.12.2013. Vi har og lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor.

4.1 Kundefordringar

Vi vil gjera merksam på at det alltid er auka risiko for tap når fordringar blir gamle. Heradet har ikkje klart å ta ut ein aldersfordelt reskontro per 31.12.2013 som er lik balansen sidan det ikkje er mogeleg å få ut ein slik oversikt attende i tid.

Det er gjort ei generell tapsavsetjing på kr 800.000, men det har på bakgrunn av problemstillinga nemnd ovanfor, ikkje vore mogeleg for revisjonen å etterprøve administrasjonen sine vurderingar. Vi tilrår difor at det vert gjort ei dokumentert tapsvurdering ved årsoppgjeret i framtida.

4.2 Anleggsmidlar

Avstemming mellom investeringsrekneskapen og prosjektrekneskap, samt avstemming av aktivering i balansen, har vore eit arbeid som har halde fram dei siste åra. Ein har kome langt i høve til tidligare år og vi har berre avdekka avvik av mindre storleik i 2013.

Heradet har rydda godt i anleggskartoteket dei siste åra. Når det gjeld avstemming mellom anleggskartoteket og balansen fekk vi eit anleggskartotek som hadde eit mindre avvik frå rekneskapen. Avstemminga viser at eit arbeid ved eit idrettsanlegg kommunen eig, ikkje er inkludert i anleggskartoteket. Vi tilrår heradet å ajourføre anleggskartoteket slik at det til ei kvar tid stemmer med rekneskapen.

I samband med kontroll av avskrivning av anleggsmidlar er det avdekka eit tilfelle av feil avskrivingsats. Denne feilen fører ikkje til vesentleg feil i rekneskapen. Vi har informert administrasjonen om våre funn.

4.3 Reiserekningar

Vi har kontrollert eit utval reiserekningar. Ved fleire av dei kontrollerte reiserekningane var det nytta gamle skjema for reiserekningar. Dette har ført til bruk av feil satsar for mellom anna kilometergodsgjersle og diett. Det er og avdekka at det manuelt er gjort endringar på skjema utan at beløp for utbetaling har vorte endra. Det er ikkje kontrollert om det vert utbetalt ujustert eller oppdatert beløp.

4.4 Praksis overføring av momskompensasjon til investeringsrekneskapen

Ved overføring av 80 % av inntektene frå momskompensasjonen frå investering nyttar kommunen ein praksis som ikkje er i tråd med god kommunal rekneskapskikk. Overført beløp er tilstrekkeleg, men den rekneskapsmessige presentasjonen er feil. Momskompensasjon frå investering vert ført til eit eige fond for momskompensasjonsinntekter. Inntektene er ført til investeringsregnskapet gjennom bruk av disposisjonsfond, og ikkje vist som overføring til/frå drift.

4.5 Noteopplysningar pensjon

Kommunen har ikkje oppdatert forutsetningar i pensjonsnoten i samsvar med aktuarberekning for 2013. Dette har vore påpeikt, men administrasjonen ynskjer ikkje å endre dette då det berre er feil i noteopplysningane. Dei forutsetningane som er nytta i berekning av pensjon i rekneskapen er oppdaterte.

5 Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet